



Henry Fosse
SKARSVEGEN 472
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2109 - 22/22767

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
18.03.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 147/19 Sellevoll

Tiltak: Søknad om deling
Byggjestad: Gbnr 147/19
Tiltakshavar: Henry Fosse

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.03.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigedomen gbnr 147/19 ligg i uregulert område og er sett av til LNF (Landbruk, natur og friluftsliv) i kommunedelplan for Lindås. Eit løyve til frådelling av tilleggsareal vil derfor krevja dispensasjon frå arealformålet i kommunedelplanen. Det må søkjast om slik dispensasjon. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte dokument. Me gjer merksam på søknad om dispensasjon også skal nabovarslas. Det heldt om tek ein runde til eigarane av gbnr 147/6 og 147/34 og får dei til signera for at det også er nabovarsla dispensasjonssøknad. Me legg ved kopi av innsendt kvitteringsskjema for nabovarsel.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.04.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Henry Fosse

SKARSVEGEN 472

5911

ALVERSUND